

**Til styremedlemmene:**

Agnes Hushovde Bernes  
Rolf Svellingen  
Janne Pletten  
Olav Ståløy  
Oddmund Skjelvik  
Arvid Kjerstad Aasgard  
Vigdis Alte  
.....  
Andreas Bårtvedt

**Til eigarane:**

Radøy kommune v/ordfører Jon Askeland  
Universitetet i Bergen v/ rektor  
Haugaland Lodge of Sons of Norway  
Sjømannskirken – Den norske kirke i utlandet  
Sletta bygdelag

**Til Museumssenteret i Hordaland:**

v/ museumsdirektør Atle Ove Martinussen  
og v/ avdelingsleiar Lena Eikeland Kutschera

**Innkalling til styremøte og årsmøte i Stiftinga Vestnorsk  
Utvandringscenter, torsdag 5.april 2018 - kl. 19:00. Stad: hos  
Ystebø, Hellandsvegen 539, 5939 Sletta.  
**(NB! Styremedlemmene møter kl. 18:00) .****

**Vedlegg:**

1. innkallingsbrev m/saksliste til årsmøtet – som også vert sendt til kvar av eigar-instansane og til Museumssenteret i Hordaland v/ direktør Atle Ove Martinussen og avdelingsleiar Lena Eikeland Kutschera
2. framlegg til årsmelding for 2017 – for drøfting & godkjenning i styremøtet
3. kopi av brev om «oppnemning av kandidatar til styret for 2018 ( 3 -tre- kandidatar står på val)

Vert framlagde i årsmøtet: 1. Referat frå årsmøtet 20. april 2017  
2. Årsrekneskap for 2017  
3. Vedtektene for Stiftinga Vestnorsk Utvandringscenter – slik dei er godkjende 16. juni 2011

Alle vedlegga (dokumenta) vert sende pr. post til eigar-instansane og til Museumssenteret i Hordaland. Dei av styremedlemmene som ikkje kan rekkjast over e-post, får innkallinga tilsendt pr. post.

Som styreformann kan eg rekkjast over telefon 95913181. E-postadresse: [a-oy@online.no](mailto:a-oy@online.no)..

Vel møtt til årsmøtet 5. april 2018!

Bergen 15. februar 2018

Med helsing  
  
Asbjørn Odd Ystebø  
-styreformann-

## Styremøte/ årsmøte VUS - 5. april 2018

### Saksliste

1. a. Val av møteleiar, referent og medunderskrivarar  
b. Godkjenning av innkalling og saksliste  
c. Godkjenning av referat frå årsmøtet 20.april 2017
2. Vern av det genuint museale:
  - a. Kontakt mellom VUS-styret og MUHO ved inngrep/endingar  
(NB! Gjeld ikkje ved naudsynt vedlikehald)  
(Lydkasse for orgel over inngangsdøra – bør den fjernast? - Konstruksjonen ført opp før MUHO overtok drift og vedlikehald)
  - b. Reparasjon av pianoet (del av original-inventaret)
3. a. Revidert årsrekneskap for 2017– gjennomgang v/ Olav Ståløy  
b. Framlegg til årsmelding for 2017 – presentasjon v/ Asbjørn Ystebø  
c. Status- oppdatering: om prosjektert museums- og magasinbygg på Sletta.  
(Orientering v/museumsdirektør Atle Ove Martinussen)
4. a. representasjon v/ Norsk Høstfest  
c. seminar/festival – oppdatering v/dagleg leiar Lena Eikeland Kutschera
5. Styremedlemmer på val:
  - a. Universitetet i Bergen –(etter avlidne Frank Årebrot) Ny: .....
  - b. Frå Sletta bygdelag: - Noverande: Olav Ståløy og Asbjørn Ystebø  
Nye/ evt. attval: .....

cVal av: styreformann, varaformann og sekretær
6. Eventuelt: innspel om styre- / årsmøtesaker og andre aktuelle/relevante saker.....
7. Til undertekning – for revisor / Brønnøysundregisteret:
  1. Årsmelding for 2017 – alle styremedlemmer underteknar
  2. «Uttalelse fra ledelsen om årsregnskap» – styreformann underteknar
  3. Posteringsdokumentasjon –erklæring - styreformann underteknar
  4. Revisjonsberetning .....- revisor underteknar

**Referat frå årsmøtet 20. april 2017**  
**for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter, 5939 Sletta**  
Årsmøtet i Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter vart halde 20. april 2017 i  
Hellandsvegen 539, 5939 Sletta. Leiar Asbjørn Ystebø ønskte velkomen.

**Val av møteleiar, referent og medunderskrivar**

Møteleiar: Asbjørn Ystebø

Referent: Asbjørn Ystebø (i sekretær Svellingens frávær)

Medunderskrivarar: Oddmund Skjelvik og Olav Ståløy

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Samrøystes godkjenning av jnnkalling og saksliste

**Referat frå årsmøtet 2016 vart godkjent**

**Årsmelding for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter 2016**

Årsmeldinga, sendt som vedlegg til årsmøteinnkallinga, vart gjennomgått av styreformann og samrøystes godkjend.

**Årsrekneskap for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter**

Revidert årsrekneskap for 2016 vart presentert og gjennomgått av Olav Ståløy. Her vart det presisert at drift, og dermed driftsrekneskap, er i regi av Museumssenteret i Hordaland (MUHO). Årsmøtet godkjende årsrekneskapen.

**Styresamansetting**

Ny styresamansetting i årsmøtet etter innstilling frå eigarane

**Styremedlemmer:**

**Eigarinstans:**

Frank Aarebrot.....Universitetet i Bergen

Vigdis Alte..... (ny) .....Sjømannskirken

Andreas Baartved... (ny).....Sons of Norway Haugaland Lodge

Agnes Hushovde Bernes.....Radøy kommune

Oddmund Skjelvik.....Radøy kommune

Arvid Kjerstad Aasgard.....Radøy kommune

Janne Pletten.....Sletta bygdelag

Rolf Svellingen (sekretær i styret).....Sletta bygdelag

Olav Ståløy (nestformann i styret).....Sletta bygdelag

Asbjørn Ystebø (styreformann).....Sletta bygdelag

Årsmøtet tek innstillinga til etterretning og godkjenner den nye styresamansettinga

Revidert og underteikna årsrekneskap (årsoppgjer), samt styret si underteikna årsmelding for 2016, vert framsendt til Brønnøysundregistra av

Activ Revisjon DA v/ revisor Karl Vågstøl,  
Kvassnesvegen 11,  
5914 Isdalstø

Sletta/Bergen 29. mai 2017

Asbjørn Ystebø  
-styreformann/referent-

Oddmund Skjelvik  
-medunderskrivar-

Olav Ståløy  
-medunderskrivar-

Kontaktperson  
Asbjørn Ystebø (styreformann)  
Holtavegen 22A,  
5239 Rådal

(e-mail: [a-oy@online.no](mailto:a-oy@online.no)) (tlf. 95913181)

**Årsmøte og styremøte 20. april 2017 for  
Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter, 5939 Sletta**

**For innmelding til Brønnøysundregistra**

**Ny styresamansetting i årsmøtet etter innstilling frå eigarane**

<b><u>Styremedlemmer:</u></b>	<b><u>Eigarinstans:</u></b>
Frank Aarebrot.....	Universitetet i Bergen
Vigdis Alte.....	Sjømannskirken
Andreas Baartvedt.....	Sons of Norway Haugaland Lodge
Agnes Hushovde Bernes.....	Radøy kommune
Oddmund Skjelvik.....	Radøy kommune
Arvid Kjerstad Aasgard.....	Radøy kommune
Janne Pletten.....	Sletta bygdelag
Rolf Svellingen (sekretær i styret).....	Sletta bygdelag
Olav Ståløy (nestformann i styret).....	Sletta bygdelag
Asbjørn Ystebø (styreformann).....	Sletta bygdelag

Revidert og underteikna årsrekneskap (årsoppgjer), samt styret si  
underteikna årsmelding for 2016, vert framsende til Brønnøysundregistra av

Activ Revisjon DA v/ revisor Karl Vågstøl,  
Kvassnesvegen 11,  
5914 Isdalstø

Sletta/Bergen 29. mai 2017

**Asbjørn Ystebø (styreformann)**

Adresse:

Holtavegen 22A, 5239 Rådal

**ÅRSMELDING 2017**  
**FOR EIGAR-STYRET I**  
**STIFTINGA VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER**

Styresamansetjing

Leiar:	Asbjørn Odd Ystebø	(Sletta bygdelag)
Nestleiar:	Olav Ståløy	(Sletta bygdelag)
Skriverar:	Rolf Svellingen	(Sletta bygdelag)
Medlemmer:	Janne Pletten	(Sletta bygdelag)
	Agnes Hushovde Bernes	(Radøy kommune)
	Oddmund Skjelvik	(Radøy kommune)
	Arvid Kjerstad Aasgard	(Radøy kommune)
	Frank Aarebrot	(Universitetet i Bergen)
	(Aarebrot døydde hausten 2017)	
	Vigdis Alte	(Sjømannskyrkja – Norsk kirke i utlandet)
	Andreas Baartved	(Haugalandet Lodge of Sons of Norway)

Museumssenteret i Hordaland (MuHo)

Museumsdirektør v/ MuHo: Atle Ove Martinussen  
Dagleg leiar for avd,Vestnorsk Utvandringssenter: Lena Eikeland Kutschera

Personal /dagleg drift

Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter har ingen tilsette ettersom den daglege drifta er ivareteken av Museumssenteret i Hordaland, MuHo, der stiftinga inngår i konsolidert museumsordning (konsolidert museumseining).

Miljø

Det indre arbeidsmiljøet i stiftinga er godt, og ingen særskilte tiltak er sette i verk. Stiftinga driv ingen aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Aktivitet og drift i driftsåret 2017

Driftsopplegget elles er i regi av driftsorganisasjonen MuHo. Sjå eiga årsmelding frå MuHo om driftsåret!

Økonomi

Resultatrekneskap og balanse gjev utfyllande informasjon om stiftinga si stilling og drift (v/MuH) pr. 31.desember 2017. Det vert synt til rekneskap og godtgjering til stiftinga sin revisor. Styret kjenner ikkje til anna som er viktig i vurderinga av den økonomiske stoda for stiftinga.

Styret er tilfreds med resultatet for 2017, og med den økonomiske stoda i Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter. Stiftinga er pr. 31. desember 2017 utan langsiktig gjeld.

Eigartilhøve:

*Universitetet i Bergen, Haugalandet Lodge of Sons of Norway, Radøy kommune,  
Sjømannskyrkja-Den norske kirke i utlandet og Sletta bygdelag  
er eigarane av Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter.*

**Årsmeldinga er godkjent  
Sletta 5. april 2018  
av  
Styret for Stiftinga Vestnorsk Utvandringscenter**

\_\_\_\_\_  
**Asbjørn Odd Ystebø (leiar)**

\_\_\_\_\_  
**Olav Ståløy (nestleiar)**

\_\_\_\_\_  
**Rolf Svellingen (skrivar)**

\_\_\_\_\_  
**Arvid Kjerstad Aasgard  
(styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**Janne Pletten (styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**(styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**Andreas Bårtvedt (styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**Agnes Hushovde Bernes  
(styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**Oddmund Skjelvik (styremedlem)**

\_\_\_\_\_  
**VigdisAlte (styremedlem)**

# RESULTAT

Stiftinga Vestnorsk utvandringssenter

2017

Side 1

07.02.2018 09:33:06

Administrator

Periode 0-12	2017	2016
<b>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>		
7770 - BANK-OG KORTGEBYRER		9
<b>Sum ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>		9
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		9
<b>Sum DRIFTSRESULTAT</b>		9
<b>ANNEN RENTEINNTEKT</b>		
8050 - ANDRE RENTEINNTEKTER	-103	-137
<b>Sum ANNEN RENTEINNTEKT</b>	-103	-137
<b>Sum ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>	-103	-128
<b>Sum ORDINÆRT RESULTAT</b>	-103	-128
<b>Sum ÅRSRESULTAT</b>	-103	-128
<b>OVERFØRT ANNEN EGENKAPITAL</b>		
8960 - OVERF. ANNEN EGENKAPITAL		128
<b>Sum OVERFØRT ANNEN EGENKAPITAL</b>		128
<b>Sum RESULTAT</b>	-103	



3601

Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter  
V/Asbjørn Ystebø  
Holtavegen 22a  
5239 RÅDALsparebanken.vest@spv.no  
Nettbank: www.spv.no  
Kundeservice: 915 05555

## Årsoppgave 2017

Denne årsoppgaven er en oversikt over opplysningene banken har gitt skattemyndighetene, etter pålegg i skatteforvaltningsloven. Dette innebærer at det kan være avvik mellom årsoppgavens opplysninger om renter og/eller kontosaldo sammenlignet med kontoutskriften for den enkelte konto. Eventuelt avvik skyldes den skattesmessige behandlingen.

### Innskuddskonti

Kontonr.	Kontobetegnelse	Saldo inkl. renter 01.01.2018	Rente- utgifter	Rente- inntekter
3632.5177742	Høyrente.	34.575,93	0,00	103,00
Sum innskudd		34.575,93	0,00	103,00

### Til bruk ved kontroll av ferdigutfylt selvangivelse

Tekst	Beløp	Postnummer i selvangivelsen
Sum renteinntekter	103,00	3.1.1
Sum innskudd	34.575,93	4.1.1

Er forfalte renter ikke betalt, fremkommer disse som gjeld.

## Saldobalanse hovedbok

2017

## Stiftinga Vestnorsk utvandringssenter

Side 1  
07.02.2018 09:27:58

Periode 0 - 12

Administrator

Kontonr	Kontonavn	Inngående saldo	Bevegelse i perioden		Saldo ved periode slutt	Saldo samme periode i fjor
			Debet	Kredit		
1110	Kyrkjebygg	2 327 875,00			2 327 875,00	2 327 875,00
1112	Administrasjonsbygg	588 630,25			588 630,25	588 630,25
1113	Skulestove	65 354,00			65 354,00	65 354,00
1114	Præriestove	90 720,00			90 720,00	90 720,00
1115	Læarbustad	40 883,00			40 883,00	40 883,00
1116	Fengsel / Rådhus	136 695,00			136 695,00	136 695,00
1117	Legekontor	99 703,00			99 703,00	99 703,00
1118	Monumenter	181 951,50			181 951,50	181 951,50
1150	Tomteverdi	75 000,00			75 000,00	75 000,00
1210	Nytt orgel des 2008	162 500,00			162 500,00	162 500,00
1920	Bank 3636.50.64029					
1930	Bank høyrente 3632.51.77742	34 575,93			34 575,93	34 472,93
1935	Bank høyrente 3632.52.57592					
2010	Grunnkapital			-50 000,00	-50 000,00	-50 000,00
2050	ANNEN EGENKAPITAL			-3 753 784,68	-3 753 784,68	-3 753 784,68

2400	Samlekonto kreditor				
7770	BANK-OG KORTGEBYRER				9,00
8050	ANDRE RENTEINNT EKTER		-103,00	-103,00	-136,84
8960	OVERF. ANNEN EGENKAPITAL				127,84
<hr/>					
<b>Totalsum</b>					
		0,00	3 803 887,68	-3 803 887,68	0,00

© Uni Økonomi V3

# BALANSE

Stiftinga Vestnorsk utvandringssenter

2017

Side 1

07.02.2018 09:29:26

Administrator

Periode 0-12	2017	2016
<b>TOMTER,BYGNINGER OG FAST EIENDOM</b>		
1110 - Kyrkjebygg	2 327 875	2 327 875
1112 - Administrasjonsbygg	588 630	588 630
1113 - Skulestove	65 354	65 354
1114 - Præriestove	90 720	90 720
1115 - Lærarbustad	40 883	40 883
1116 - Fengsel / Rådhus	136 695	136 695
1117 - Legekontor	99 703	99 703
1118 - Monumenter	181 952	181 952
1150 - Tomteverdi	75 000	75 000
<b>Sum TOMTER,BYGNINGER OG FAST EIENDOM</b>	<b>3 606 812</b>	<b>3 606 812</b>
<b>MASKINER ANLEGG OG INVENTAR</b>		
1210 - Nytt orgel des 2008	162 500	162 500
<b>Sum MASKINER ANLEGG OG INVENTAR</b>	<b>162 500</b>	<b>162 500</b>
<b>Sum ANLEGGSMIDLER</b>	<b>3 769 312</b>	<b>3 769 312</b>
<b>KONTANTER BANKINSKUDD O.L.</b>		
1930 - Bank høyrente 3632.51.77742	34 576	34 473
<b>Sum KONTANTER BANKINSKUDD O.L.</b>	<b>34 576</b>	<b>34 473</b>
<b>Sum OMLØPSMIDLER</b>	<b>34 576</b>	<b>34 473</b>
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>3 803 888</b>	<b>3 803 785</b>
<b>EGENKAPITAL</b>		
2010 - Grunnkapital	-50 000	-50 000
2050 - ANNEN EGENKAPITAL	-3 753 785	-3 753 785
<b>Sum EGENKAPITAL</b>	<b>-3 803 785</b>	<b>-3 803 785</b>
<b>SUM GJELD &amp; EGENKAPITAL</b>	<b>-3 803 785</b>	<b>-3 803 785</b>
<b>Sum BALANSE</b>	<b>103</b>	

Posteringsjournal - 2017  
Stiftinga Vestnorsk utvandringssenter

Side 1  
07.02.2018  
Administrator

Bilagsnr 0 - 1

Periode 0 - 12

Dato	Tekst	Kontonr	Kontonavn	MI	Pro	Avd	Debet	Kredit	Reskontro	MVA Grunnlag
<b>Bilag nr 0</b>										
01.01.2017	I.B.	1110	Kyrkjebygg	0	0	0	2 327 875,00			
01.01.2017	I.B.	1112	Administrasjonsbygg	0	0	0	588 630,25			
01.01.2017	I.B.	1113	Skulestove	0	0	0	65 354,00			
01.01.2017	I.B.	1114	Præriestove	0	0	0	90 720,00			
01.01.2017	I.B.	1115	Lærabustad	0	0	0	40 883,00			
01.01.2017	I.B.	1116	Fengsel / Rådhus	0	0	0	136 695,00			
01.01.2017	I.B.	1117	Legekontor	0	0	0	99 703,00			
01.01.2017	I.B.	1118	Monumenter	0	0	0	181 951,50			
01.01.2017	I.B.	1150	Tomteverdi	0	0	0	75 000,00			
01.01.2017	I.B.	1210	Nytt orgel des 2008	0	0	0	162 500,00			
01.01.2017	I.B.	1930	Bank høyrente 3632.51..	0	0	0	34 472,93			
01.01.2017	I.B.	2010	Grunnkapital	0	0	0		-50 000,00		
01.01.2017	I.B.	2050	ANNEN EGENKAPITAL	0	0	0		-3 753 784,68		
<b>Sum bilag nr: 0</b>							<b>3 803 784,68</b>	<b>-3 803 784,68</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Bilag nr 1</b>										
31.12.2017	Renter 2017	1930	Bank høyrente 3632.51..	0	0	0	103,00			
31.12.2017	Renter 2017	8050	ANDRE RENTEINTEK...	0	0	0		-103,00		
<b>Sum bilag nr: 1</b>							<b>103,00</b>	<b>-103,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Total sum</b>							<b>3 803 887,68</b>	<b>-3 803 887,68</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

**Vedtekter for Stiftinga**  
**Godkjent på årsmøte 16.06.2011**

## Vedtekter for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter

### §1. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter

#### .1 *Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter*

Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter er oppretta som ei privat stifting på stiftingsmøtet 4.juli 1998. Adressa til Stiftinga er: 5939 SLETTA, RADØY KOMMUNE.

#### .2 *Deltakarar*

Desse instansane var representert ved oppretting av Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter: Radøy kommune, Bergen Lodge av Sons of Norway og Sletta bygdelag

#### .2.1 *Utviding*

05.08.1998 gjorde styret i Stiftinga slikt vedtak i sak 3/98:

Styret gjekk einstemmig inn for at Universitetet i Bergen får delta i Stiftinga.

07.05.2003 gjorde Årsmøtet i Stiftinga slikt vedtak i sak 4:

Årsmøtet gjekk einstemmig inn for å la Den norske Sjømannsmisjon (frå

01.01.2004:Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet) få delta i Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter.

#### .3 *Grunnkapitalen til Stiftinga*

Grunnkapitalen på kr. 50.000 er bunden i verdiar som er knytt til fast eigedom. Alle aktiva, tilsegn om løyvingar og avtaleansvar som Interimsstyret for Vestnorsk Utvandringssenter (VUS) har inngått, vert overført til Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter.

#### .4 **Vestnorsk Utvandringssenter – frå 2010 konsolidert eining i Museumssenteret i Hordaland**

1. VUS inngår frå 01.01.2010 som eining i Museumssenteret i Hordaland (MuHo).

2. Drift, vedlikehald og økonomistyring av VUS vert MuHo sitt ansvar.

3. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter eig alle anlegg.

### §2 Føremål

Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter har følgjande føremål:

#### .1 *Oppfylgingsansvar anlegg*

1. Styret for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter skal ha årleg arbeidsplan og budsjett frå MuHo til uttale.

2. Vedtak om vidare utbygging av Vestnorsk Utvandringssenter er regulert gjennom §3 i samarbeidsavtalen mellom VUS og MuHo.

#### .2 *Drift*

Styret for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter skal frå MuHo kvart år ha drift og aktivitetsplanen for VUS til uttale. Styret skal påverka til at tradisjonsmarkeringa omkring den amerikanske nasjonaldagen 4. juli vert vidareført.

### §3 Styret for Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter

#### .1 *Samansetjing og funksjonstid*

Instansane som deltek i Stiftinga deltek i styret, og skal sjølv peika ut representantar og vararepresentantar. Styret kan ved behov utvida seg sjølv med enkeltpersonar eller representantar frå nye deltakande instansar,- avgrensa til maksimalt *ti* medlemmer.

Når tal deltakande instansar er mindre enn plassar i styret, skal Sletta bygdelag og Radøy kommune ha fortrinnsrett på å auka sin representasjon i styret.

Årsmøtet vel leiar. Styret vel sjølv nestleiar og skrivar.

Styremedlemmene har ei funksjonstid på minimum to år. Funksjonstida til offentlege representantar følgjer valbolken, men styrevervet føl ut valåret i Stiftinga.

#### .2 *Årsmøtet og vedtak*

Årsmøtet skal haldast innan utgangen av juni. Årsmelding skal sendast ut til dei instansar som deltek i Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter seinast to veker før årsmøtet. Styret og to frå kvar av dei deltakande instansane utgjer årsmøtet. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmene er til stades. Vedtak skjer ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbelrøyst.

Sakliste årsmøte:

1. Styrets årsmelding
2. Revidert årsrekneskap
3. Val
4. Innkomne saker

Vedtektsendring krev 3/4 fleirtal av dei frammøtte, og kan berre gjerast etter at dei instansar/ personar som deltek i Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter er varsla gjennom årsmøtepapira.

#### .3 *Fagleg leiing*

Styret for Stiftinga, skal i samarbeid med MuHo, bidra til at VUS si utvikling er i tråd med vedtektene til MuHo og VUS.

#### .4 *Økonomi*

1. Museumssenteret i Hordaland er ansvarleg for økonomistyring ved VUS.

### §4 Oppløysing av Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter

#### .1 *Vedtak*

Oppløysing av stiftinga krev 3/4 fleirtal på to påfylgjande ordinære årsmøte, jamfør §3.2.

#### .2 *Oppgjer*

Ei avviklingsnemnd på tre personar, oppnemnd av årsmøtet, skal greie ut skuld og driva inn uteståande krav. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter sine eignelutar skal overførast til Radøy kommune/Hordaland fylkeskommune, som tar ansvaret med å forvalta dei kulturhistoriske verdiane.

### §5 Andre retningslinjer

Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter skal til eikvar tid drivast etter gjeldande lovverk gjeve i Stiftelsesloven.